

Behovsvurdering nærmiljøanlegg nye Knarvik barneskule

Knarvik er regionsenter for Nordhordland, og kommunesenter i Lindås. Ny Knarvik barneskule vert plassert nær eksisterande idrettsanlegg og Nordhordlandshallen, og samlokalisert med ny fleirbrukshall og klatrehall.


Det er lagt opp til stor vekst i folketalet i åra som kjem, med om lag 5000 nye innbyggjarar dei næraste åra. Det aller meste av veksten er tenkt i sjølve Knarvik sentrum, innanfor gangavstand frå dei nye nærmiljøanlegga.

Dagens Knarvik stadion-område har store anlegg som friidrett, naturgras og kunstgras, men manglar mindre anlegg og variasjon. Anlegga ved ny barneskule vil såleis gje godt tilbod til uorganisert aktivitet i nærleiken av eksisterande idrettsområde, samstundes som dei vil inngå i skulen sitt uteområde. Dei vil og bidra til større variasjon i aktivitetstilbodet sentralt i Knarvik.

Utbygging i dette området er i tråd med kommunen sin kommunedelplan for idrett, der det er lagt opp til satsing på Knarvik som regionsenter for idrett, og der manglande variasjon er peika på som ei av utfordringane.

Knarvik er samlingsplass for aktivitetar på kveldstid for familiar frå andre område. Nærmiljøanlegga vil kunna utgjera eit flott aktivitetsområde for barn som er med medan søsken er på trening på bane eller i hallen.

Atle Vaage



Fagleiar Idrett og Grønt Lindås kommune